

Organ: <b>STYRET</b>	Arkivkode:	Saks nr.: <b>Hovudutskrift</b>	
Møtestad: <b>Sandane</b>	Kode:	Sakshandsamar: <b>IBA</b>	Dato: <b>12.06.2023</b>

## Frå styremøte i Nordfjord Miljøverk

Tid:	Måndag 12.06.2023
Møtestad:	Kommunehuset i Selje
Til stades:	Sven Flo, Espen Sortevik, Siri Sandvik og Gunnvor Sunde
Forfall:	Jan Henrik Nygård
Administrasjon:	Inge Bent Arnestad Marianne Mardal Roset

Før styremøte vart det gjennomført ei synfaring på gjenbruksstasjonen i Selje.

### SAK 19/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Administrerende direktør si  
**TILRÅDING**  
Innkalling og sakliste vert godkjent

Styret sitt  
**VEDTAK**  
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

### SAK 20/23 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ FØRRE STYREMØTE

Administrerende direktør si  
**TILRÅDING**  
Møtebok frå førre styremøte 17.03.23 vert godkjent, og signert elektronisk.

Styret sitt  
**VEDTAK**  
Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 12.06.2023

## SAK 21/23 PERIODEREKNESKAP PR. 30. APRIL 2023

Vedlagt følger rekneskapsrapport.

### Resultat:

- Rapporten viser eit driftsresultat på kr. 879 677,- mot budsjett kr. 199 516,-
- Bokført resultat etter finans er kr. 499 535,- mot budsjett på kr. – 4 017,-

### Kommentarar:

- bokført resultat etter finans er kr. 503 552,- over budsjett
- inntekter på abonnementsgebyr både på hushald og næring er periodisert pr. 30.04.2023 i samsvar med berekna/budsjettert fakturert
- inntekter slam er bokført i samsvar med utgåande faktura, og kostnadsført med 85% av samla inntekt (15% administrasjonspåslag)
- mottekne inngåande faktura pr. 30.04.2023 er bokført eller avsett i perioden
- endring i lager av avfall er ikkje vurdert

Det positive resultatet skuldast i hovudsak lågare leveringsprisar og mindre avfall sendt til forbrenning. I budsjett var forventa forbrenningsavgift 261,-, men etter nyttår vart avgifta redusert til 131,- etter klagesak til EØS, noko som har gjeve ei innsparing på 400.000,-. Mindre avfall til forbrenning har i tillegg redusert kostnad med 300.000,-

Løn og andre personalkostnadar er 500.000,- over budsjett. Av desse er 100.000,- satt av til framtidige kostnadar i pensjon. Resten er auka er lønskostnad i renovasjon og gjenbruksstasjon.

Premiefondet i KLP har pr. 30.04.2023 ein saldo på 166 088 kr. Dette fondet blir ståande i KLP. Renter på lån er 126 222 kr høgare enn budsjettert.

Utfyllande informasjon vert gjeve i styremøtet.

Administrerande direktør si

### TILRÅDING

Styret tek framlagde rekneskapsrapport pr. 30. april 2023 til orientering.

Styret si

### INNSTILLING

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 12.06.2023

## SAK 22/23 OPPRETNING AV NY STILLING HR/HMT-ANSVARLEG

### Saksutgreiing:

NoMil har dei siste åra hatt ein kraftig vekst i omsetning, investeringar og tilsette. Ved inngangen til 2023 hadde NoMil rundt 40 fast tilsette, mot 9 fast tilsette i 2017.

Personaloppfølging, gjennomføring av tilsetjingsprosessar, utarbeiding av arbeidsavtaler, lønsforhandlingar, opplæring og andre personalsaker krev høg grad av kunnskap innan arbeidsrett, overenskomst, krav frå arbeidstilsynet, ferielovgjeving, oppfølging av tillitsvalde med meir.

Oppfølging av lovpålagde krav til dokumentasjon, rutinebeskrivingar, avviks- og internkontroll, samt skjerpå krav til rutinar og opplæring knytt til arbeid med farleg avfall, bruk av maskiner, utstyr og lastebilar er omfattande. Utarbeiding og oppfølging av HMT er særskilt omfattande og må i større grad prioriterast.

Ovannemnte oppgåver har fram til no vore delt mellom dagleg leiar, økonomimedarbeidar og miljøkonsulent. Administrasjonen har vurdert eksisterande kapasiteten til å vere for liten til å sikre oppfølging av eksisterande og nye krav.

Administrasjonen ynskjer å ha kvalifiserte ressursar til å vidareutvikle gode og framtidsette system med fokus på helse, miljø og tryggleik for tilsette og besøkande.

I budsjett 2024 vert det lagt fram forslag om å setje av 0,8 mill. til ny stillingsressurs.

Administrerende direktør si

### TILRÅDING

Styret vedtek å opprette ny stilling som HR/HMT-ansvarleg i Nordfjord Miljøverk IKS. Administrerende direktør får fullmakt til å tilsetje ny ressurs.

Etter drøftingar i styret, vart ein samde om at utlysningsteksten må ta høgde for at ressursen og kan ta del i eksisterande og nye arbeidsoppgåver.

Styret gjorde etter ovannemnte presisering følgjande

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift	
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA	Dato: 12.06.2023

## SAK 23/23 SAMARBEID OM VÅTORGANISK AVFALL

### BAKGRUNN

Viser til styresak 17/23:

Utdrag utgreiing:

NoMil og SFE arbeider vidare med ein modell **der NoMil åleine etablerer eit forprosessanlegg som sel ferdig reinsa og hygienisert (varmebehandla) våtorganisk avfall til biogassproduksjon, som kan drivast etter sjølvkostprinsipp som ei avdeling i NoMil.**

### SAKSUTGREIING

NoMil skal etter vedteken strategiplan, åleine eller saman med andre ta initiativ til, og etter nærare vurdering delta i, prosjekt som utnyttar avfall i regionen som råstoff for auka verdiskaping, grøn næringsutvikling og som reduserer transportbehovet.

NoMil skal utgreie moglegheita for å nytte innsamla avfall lokalt, for å redusere

- transportkostnader
- Klimaavtrykk
- bidra til lokal berekraftig verdiskaping

NoMil er i dialog med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Romsdalen om å utgreie korleis ein best mogleg kan nytte mellom anna våtorganisk avfall i regionen for å redusere transport- og behandlingkostnader og bidra til lokal verdiskaping. NoMil har fått tilsegn på prosjektmidlar til vidare arbeidet med industriell symbiose og grøn næringsutvikling, og ynskjer å nytte deler av desse midlane vurdert til kr. 50.000,- til første del av utredninga.

Eit nærare samarbeid med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Romsdalen vil kunne opne for eit nærare samarbeid om utnytting av andre avfallsfraksjonar i regionen.

Vedlegg: Avtale samarbeid våtorganisk avfall

Administrerande direktør si

### TILRÅDING

Styret gjev administrasjonen fullmakt til å inngå samarbeidsavtale med renovasjonsverksemdene på Sunnmøre og i Romsdalen om utarbeiding av kunnskapsgrunnlag for bruk av våtorganisk avfall i regionen.

Styret sitt

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerande direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 12.06.2023

## SAK 24/23 SAMARBEIDSAVTALE PROSJEKLEIING «BIOHUB GLOPPEN»

### BAKGRUNN

Viser til vedtak i styresak 17/23:

Administrerende direktør får i oppdrag å arbeide vidare med skissert eigarmodell for nytt biogassanlegg i regionen, og **formalisere samarbeid med Gloppen Næringsorganisasjon om etablering av anna samlokalisert grøn næringsverksemd.** Administrerende direktør legg fram driftsmessige og økonomiske vurderingar til styret for endeleg handsaming.

### SAKSUTGREIING

NoMil har fått tilsegn på inntil kr. 400.000,- i prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune til dekking av inntil 50% av kostnader knytt til det vidare arbeidet rundt etablering av ein industriell grøn biohub på Teita. Prosjektet skal avklare moglege samarbeidsområde /industriell symbiose med anna grøn næringsverksemd.

Gloppen kommune, SFE, Strukturplast, NCMT, GN og NoMil går inn tilsvarande verdi i form av kapital og arbeidsinnsats, i tillegg er Tine Meieri Byrkjelo og Sande Settefisk utfordra på til saman 100.000,- i støtte til arbeidet. NoMil sin innsats i prosjektet er i hovudsak eigeninnsats og bruk av disponible midlar i biogassprosjektet. Prosjektarbeidet vil gå parallelt med SFE sitt arbeid med etablering av biogassanlegg på Teita.

### Oppsummering med tilråding:

Administrasjonen har forhandla fram eit utkast til avtale med Gloppen Næringsorganisasjon om prosjektleiing i samsvar med retningslinjer i tilsegn om støtte frå Vestland fylkeskommune.

Vedlegg: Avtale om prosjektleiing Nomil og Gloppenutvikling

Administrerende direktør si

### TILRÅDING

Styret gjev administrasjonen fullmakt til å inngå avtale med GN v/Gloppenutvikling AS om kjøp av prosjektleiing for «Biohub Gloppen».

Etter drøftingar i styret, vart ein samde om å føye til samarbeid med andre aktuelle næringssselskap og næringsliv i regionen under punkt 3 i avtaleteksten.

Styret gjorde etter ovannemnte endring følgjande

### VEDTAK

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 12.06.2023

**SAK 25/23 AVTALE OM OVERDRAGING AV BIOGASSPROSJEKT**  
(unn.off. §§14 og 15)

**SAK 26/23 EVALUEING AV STYRE OG DAGLEG LEIING**  
(unn.off. §§14 og 15)

**SAK 27/23 ORIENTERING- OG DRØFTINGSSAKER**

**Status frávær og personale**

- Samla sjukefráværet pr 30.04 2023 er 3,42 %, men slik fordeling:
  - 22,9 % korttidsfrávær 1-3 dagar
  - 23,9 % legemeldt frávær 4-16 dagar
  - 53,2 % legemeldt langtidsfrávær over 16 dagar

Samla frávær har auka med 0,33% frå 28.02.2023, og skuldast auka langtidsfrávær. Det er ikkje registrert alvorlege arbeidsuhell med etterfølgjande arbeidsrelatert sjukefrávær i perioden.

- Vedlegg: Fráværstatistikk pr 30/4 23

**Status drift**

- God drifta på hovudanlegget, og aukande mengde avfall og aktivitet på gjenbruksstasjonane som er normalt i forhold til årstida.
  - Dialog med Bremanger kommune om areal til ny stasjon nord for Rugsund
  - Overteke drifta av gjenbruksstasjonen i Selje frå 1. mai 2023
- Renovasjonsavdelinga på Nordfjordeid
  - Det har vore utført vesentleg reperasjonar av gamle renovasjonsbilar.
  - 3 nye renovasjonsbilar ute på anbod, forventa levering vinter 2025.
  - Lyst ut 2 nye stillingar som sjåførar/renovatørar
- Renovasjonsavdelinga i Florø
  - Arbeider med utviding av garderobe- og kontorareal for å stette krav til garderobe med rein/urein sone og kontor til avdelingsleiar.

**Slamanbod 2024 + 3 år opsjon**

Felles anbod saman med Sunnfjord Miljøverk, Kinn kommune og NoMil om innhenting og behandling av septik-slam.

- Ut frå data frå eksisterande årsrapportar frå Norva24, kan kostnadsreduksjon på kring 7 % truleg dekke forventa auke indeksregulering frå 01.01 2024.

Sign. :	
---------	--

Organ: <b>STYRET</b>	Arkivkode:	Saks nr.: <b>Hovudutskrift</b>	
Møtestad: <b>Sandane</b>	Kode:	Sakshandsamar: <b>IBA</b>	Dato: <b>12.06.2023</b>

### Lønsoppgjør 2023

Resultatet frå dei sentrale forhandlingane er ein gjennomsnittleg lønsvekst på 5,2%. På grunn av eit gjennomsnittleg lågare lønsnivå enn det som er lagt til grunn i forhandlingane, vil eit fast krone-tillegg for alle pluss etterslep frå 2022 gje ei gjennomsnittleg lønsvekst på 7,0%. Lønstillegget vert då 4,0% over budsjett og utgjer auka lønskostnader på over 0,9 mill.

### Kartlegging av vegstandar

Som orientert om på førre styremøte, er Sunnfjord Miljøverk skal i gong med eit prosjekt der vi skal vurder renovasjonsrutene, særleg med omsyn til plassering av dunkar. NoMil har signalisert at ein ynskjer å delta i dette prosjektet.

### Eigarskap Retura NoMil AS

Representantskapet støtta i sak 02/23 styret si vurdering om sal av NoMil sin aksjedel på 33,3% i Retura NoMil AS til BIR Bedrift AS. Det er ikkje lykkast å få på plass ei endeleg avtale om overdraging av aksjane og oppgjør for desse.

*Vedlegg: Korrespondanse med BIR Bedrift og styreleiar Retura NoMil*

### Ombrukstorg/gjenbruksbutikkar

- **Kinn Syd:**  
I Florø har kommunen arbeidd i fleire år med å få til bruktbuikk i sentrum. Kinn kommune ser det tek tid å finne gode løysingar.
- **Gloppen og Kinn Nord:**  
Vi har vore i dialog med kommunane, men det viser seg å vere utfordrande å få nokon til å ta ansvar for bruktbuikk og finne praktiske løysingar.
- **Stryn:**  
Vi har fått opplyst at det er eit uforpliktande samarbeid mellom gjenbruksstasjonen på Svarstad og ein bruktbuikk i Stryn sentrum.
- **Bremanger, Nordfjordeid, og Selje:**  
På desse stasjonane har vi tilsvarende utfordringar som nemnt over. Avgrensa areal og delvis dårlege fasilitetar gjer det krevjande å få til fungerande løysingar på stasjonane, men det er eit mål å på sikt får etablere fungerande ordningar også her.

Sign. :	
---------	--

Organ: STYRET	Arkivkode:	Saks nr.: Hovudutskrift
Møtestad: Sandane	Kode:	Sakshandsamar: IBA
		Dato: 12.06.2023

## Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027

### Budsjett 2024 / innspel frå administrasjonen:

#### Personale;

- HR/HMS-medarbeidar

#### Kommunikasjon;

- Informasjonsstrategi
- «Min Side»

#### Miljø og logistikk;

Etablere elektronisk løysing for

- handtering av farleg avfall
- ny betalingsløysing / kundekort
- avfallsregistrering hushaldningar og næringsdrivande

#### Bygg og anlegg;

Eidsmona:

- Nytt utsleppsløyve – tiltak
  - Miljø/ overvåkingsprogram verd hovudanlegg og Ivahola
- Industrivern
  - Brannvarslingsanlegg storhall og papir/plast lager/pakking
- Takoverbygg mellom gjenbruksstasjon og farleg avfall/lager

Purkehola:

- Rub-hall/lagerareal

#### Bilar og maskiner;

Nordfjordeid:

Tre nye renovasjonsbilar (ordinær utskifting)

Eidsmona:

Nytt vogntog  
Magnet til sorteringsmaskin

### Økonomiplan 2024 – 2027 / innspel frå administrasjonen:

Opprette ny stilling

- kommunikasjonsmedarbeider / 0,8 mill. pr år

Etablere forbeleidingsanlegg for våtorganisk avfall

- Kostnadsestimat 30-50 mill.

Eigarskap i felles transport- og logistikkselskap

- Kostnadsestimat 0,7 mill.

Opparbeiding av uteområde ny tomt (oppfylling, infrastruktur, asfaltering)

Sign. :	
---------	--



Organ: <b>STYRET</b>	Arkivkode:	Saks nr.: <b>Hovudutskrift</b>	
Møtestad: <b>Sandane</b>	Kode:	Sakshandsamar: <b>IBA</b>	Dato: <b>12.06.2023</b>

- Kostnadsestimat ikkje utarbeidd  
Ny avfallskvern (elektrisk)
- Kostnadsestimat 6-8 mill.

Administrerende direktør si

**TILRÅDING**

Styret tek orienteringane til vitande.

Etter drøftingar i styret, er ein samde om å prioritere å få tilgang til ressursar innan informasjon og kommunikasjon. På kort sikt kan eit alternativ vere å etablere samarbeid med til dømes Sunnfjord Miljøverk eller Fjordane Friluftsråd om kjøp av tenester. Styret har og sterk fokus på kompetanseheving i alle ledd i organisasjonen.

Grunna høg aktivitet dei siste åra, ser styret behov for å nytt komande år til å utvikle interne rutinar etter fleire år med vekst. Vidare bør det setjast av tid til gjennomgang og vidareutvikling av eksisterande og framtidige lovpålagde ordningar.

Styret sitt

**VEDTAK**

Tilrådinga frå administrerende direktør vart samrøystes vedtatt.

Sign. :	
---------	--